

# Kunnskapsformidling om villrein og villreinfjell

*Sluttrapport frå verdiskapingsprosjektet  
i Setesdal Ryfylke 2017–2022*



Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane

**Kunnskapsformidling  
om villrein og villreinfjell**

*Sluttrapport frå  
verdiskapingsprosjektet  
i Setesdal Ryfylke 2017–2022*

**Forvaltingssekretariatet for SVR  
v/ Alf Odden og Jørn Haug**

SVR 2023

Layout: Naturinform SA, Sand  
Trykk: HBO Nova Print, Haugesund

Foto framside: SVR  
Foto bakside: Ragnar Djuvik



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

# **Kunnskapsformidling om villrein og villreinfjell**

## *Sluttrapport frå verdiskapingsprosjektet i Setesdal Ryfylke 2017–2022*

### **Føreord**

Prosjektet Kunnskapsformidling om villrein og villreinfjell starta opp seinhaustes 2017 i Setesdal Ryfylke villreinområde. I denne rapporten kan du lese om tiltaka som er gjennomført og erfaringa frå prosjektet.

Prosjektet har famna vidt både tematisk og geografisk, og med deltagarar frå mange kantar av heia. Kunnskapsformidling har vore den rauda tråden gjennom heile prosjektet. Med eit felles kunnskapsgrunnlag, og forståing av utfordringane villreinens står overfor, vil det også vera enklare å gjennomføre tiltak som kan betre tilhøva for villreinen. Slik sett har prosjektet vore ei god «førebuing» til pågåande arbeid med tiltaksplanar etter kvalitetsnorm for villrein.

Det er å håpe at fleire av tiltaka i prosjektet lever vidare i ei eller anna form sjølv om prosjektet formelt er avslutta. Vonleg vil også denne sluttrapporten vera til inspirasjon til kva det kan jobbast vidare med. Det er også ei ståande oppmading om at alt som er produsert og laga til gjennom prosjektet vert nytta vidare.

*Prosjektleiinga v/verneområdeforvaltarane  
Alf Odden og Jørn Haug*






Villrein, Suldal. Foto Rune Roalkvam.

# Innhold

1.	Bakgrunn og mål for prosjektet	7
2.	Dette har vi gjort – smakebitar frå prosjektet	8
3.	Nådde vi måla?	20
3.1	Hovudmål	20
3.2	Delmål 1 Kunnskap om villrein og villreinfjell til barn og unge	21
3.3	Delmål 2 Møteplass villreinfjellet	23
3.4	Delmål 3 Villreinen og kulturarven	24
3.5	Delmål 4 Sti- og løypeplanar – adaptiv løypeforvaltning	27
3.6	Betraktingar om gjennomføring og organisering	29
3.7	Økonomisk verdiskaping	30
3.8	Kva lever vidare etter prosjektperioden?	31
4.	Økonomi	31
5.	Organisering og deltagarar i prosjektet	32
6.	Gjennomførte tiltak i prosjektperioden	34
7.	Lenker til produkt og materiale laga til i prosjektet	36
	Vedlegg 1. Prosjektrekneskap	37



*Teikning: Rune Roalkvam*

# 1. Bakgrunn og mål for prosjektet

I 2017 lanserte Miljødirektoratet programmet «*Villreinfjellet som verdiskaper*» med eit føremål om å stimulere til brei verdiskaping knytt til dei ti nasjonale villreinområda. Verneområdestyret for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR) fremma i september 2017 ein søknad om midlar frå verdiskapingsprosjekten. I oktober 2017 vart det gjeve tilsegn om fire millionar kroner til eit prosjekt i Setesdal kalla *Kunnskapsformidling om villrein og villreinfjell*. Prosjektperioden var i utgangspunktet 2017–2020, men vart seinare utvida med to år til ut 2022.

Hovudmålsettinga for prosjektet i Setesdal var å:

- **auka kunnskap og medvit om villrein og villreinfjell slik at arten og leveområda vert varetekne på kort og lang sikt**
- **bidra til positivitet og eigarskap til villrein og villreinfjell**

Prosjektet vart delt inn i fire delprosjekt med eigne målsettingar:

- 1. Kunnskap om villrein og villreinfjell til barn og unge**
- 2. Møteplass villreinfjellet**
- 3. Villreinen og kulturarven**
- 4. Sti- og løypeplanar – adaptiv løypeforvaltning**



*Villrein. Foto Ragnar Djuvik.*

## **2. Dette har vi gjort – smakebitar frå prosjektet**

Her får du ein smakebit på tiltak som er gjennomførte. Ei fullstendig opplisting finn du i kapittel 6.

### **Feltdagar – undervisningsopplegg med skuleklassar**

Ein føresetnad for å ta vare på villreinen og villreinfjella er at oppveksande generasjonar har kunnskap om og eit eigartilhøve til både reinen og fjella. Tidleg i prosjektet gjekk vi ut med tilbod om feltdagar for skuleklassar på ungdomstrinnet. Til saman har 270 elevar fordelte på 25 klassar vore med på feltdagane. Norsk villreinsenter Sør, Statskog og kommunane har vore gode støttespelarar i det faglege innhaldet og i gjennomføringa. Hovudtema har vore villrein, fjellökologi og fjellfriluftsliv.



## Leirskulane

Knaben og Gullingens leirskular ligg både i nedslagsfeltet for prosjektet og har til sammen besøk av om lag 3000 elevar kvart år. Her har vi bidrige med villreinfagleg kursing og med innkjøp av utstyr for å vidareutvikle undervisninga om villrein, villreinfjell og fjellfriluftsliv. Merksemda har vore retta mot dei tilsette med eit siktemål om at temaet vert halde varmt også etter at prosjektet er avslutta.



Over: Frå Knaben leirskule. Foto SVR.

Til venstre og under: Frå samling med Setesdal Vidaregåande Skule avd. Hovden, vinter 2022. Foto Ragnhild Bjåen.



## Undervisningsopplegg om villrein ved Setesdal vidaregåande skule, avdeling Hovden

Som del av biologifaget er det laga eit undervisningsopplegg om villrein. Sentrale tema har vore artskunnskap, økologisk tilpassing, genetisk variasjon, interessekonflikter og forvaltning. Undervisningsopplegget er utarbeidd i samarbeid med Fjellreinskulen på Hovden.

## Opplæringsjakt

Hausting er ein viktig del av kulturarven og naudsynt for å ha ein sunn og levedyktig villreinstamme. Tidlegare fekk den yngre generasjonen i bygdene villreinjakta og heilelivet inn med morsmjølka. I dag er ikkje dette sjølv sagt lenger, og det vert i tillegg forsterka av at villreinen dei siste 20 åra vore borte frå fleire av kommunane sør og vest i villreinområdet.

Med Statskog som ein god støttespelar har ungdom i alderen 16–20 år fått tilbod om opplæringsjakt i området Såvatn på grensa mellom kommunane Valle og Sirdal. Her har praktisk jakt stått i sentrum, inkludert ivaretaking av dyret etter felling. Vonleg har vi med dette senka terskelen for at fleire av dei unge vågar seg ut på villreinjakt på eiga hand.

*På utkikk etter dyr. Foto SVR.*



# Villreinsertifikatet

Kunnskap om villreinen gjev ei forståing for kvifor og korleis ein skal ta omsyn til dyra. Villreinsertifikatet starta som ein idé frå Bykle kommune øvst i Setesdal. Kommunen har mykje hytteutbygging og utfartsområde nær viktige villreinområde. Ved å ta ein kunnskapstest kan turistar og hyttefolk syne om dei er «kvalifiserte» til å ferdast i villreinfjellet. Villreinsertifikatet vert også nytta av andre grupper, til dømes av skuleklassar og til opplæring av nye politikarar. Villreinsertifikatet vart lansert i mai 2019, og sidan då har 2000 personar vore innom nettsida. Ta villreinsertifikatet på: [www.villreinsertifikatet.no](http://www.villreinsertifikatet.no)



## Arrangement og temamøte

Frå tidlegare er røynsla at arrangement med villreintema har vore svært populære blant både fastbuande og hyttefolk. Verdiskapingsprosjektet la difor opp til mange arrangement og temamøte der folk kunne få informasjon, stille spørsmål til fagfolk og treffast for å diskutere villrein og villreinforvaltning. Sjølv om pandemien tidvis gjorde det vanskeleg, klarte dei ulike arbeidsgruppene å få til tolv arrangement med stort oppmøte og med særsv positive tilbakemeldingar.

Dette er nokre av høgdepunkta: Heile 600 personar var innom posten vår om villrein under arrangementet «*Villrein og viking*» på Hovden, og 60 personar deltok på familiendedagen vår om villrein ved Håhellervatnet sjølv om våret ikkje var det beste. Temamøta våre «*Mens vi ventar på villreinen*» samla så mange som 80 deltakarar både i Kvinesdal og Hjelmeland, og heile 115 personar møtte opp i Suldal for å høre på eit foredrag om kulturminne i høgfjellet. I tillegg må det nemnast at den årlege Heiplansamlinga gjennom prosjektpериoden har utvikla seg til å verte ein viktig møteplass mellom politikarar og fagfolk i regionen.

*Frå temamøtet i Hjelmeland 9/11 2019.  
Foto SVR.*



## Villreinriket – ny utstilling på Sirdal fjellmuseum på Kvæven

Liggande øvst i Sirdal og nær villreinområda er Sirdal fjellmuseum ein høveleg plass å bygge opp ei villreinutstilling på. Her kan du lære meir om biologien og leve-settet til reinen og kor mykje reinen har hatt å seie for bygdene gjennom historia. Historia om oslmannen Thorvald Meyer Heiberg er gjeven ein særskild plass i utstillinga. Kring førre hundreårsskiftet kjøpte han opp kring ein million dekar høgfjellsområde i kommunen Sirdal, Valle, Forsand og Bykle. I heiemråda bygde han opp ei rekke jakthytter som vart nytta av kjøpsterke gjestejegerar frå Europa. Frå bygdene vart mange lokale hyra inn for å ta hand om drifta av eigedommen. I dag er det Statskog som eig og forvaltar det meste av desse areala.

*Illustrasjon av villreinutstillinga.  
Agder Fylkeskommune.*

Utstillinga er ferdig prosjektert og skal formelt opnast i løpet av hausten 2023. Det er Sirdal kommune som skal ha ansvaret for drifta av utstillinga.



## Ny nettside for SVR



Ny nettside for verneområda vart lansert i juni 2022. Sjå [www.svr.no](http://www.svr.no). Gjennom tekst, bilete og film finn du mykje informasjon om verneområda, innfallsportane og opplevelingar. Villreinen har fått ein særleg plass på nettsida og då med vekt på stammen i Setesdal Ryfylke. Under temaet villrein har vi samla aktuell informasjon om igangverande villreinprosjekt i Setesdal Ryfylke og dessutan aktuelt frå forskinga.

## Hovdenuten i Bykle – sjå villreinfjellet mens du et nista

Hovden i Bykle er ein viktig innfallsport til verneområda i Setesdal Ryfylke og ein stor reiselivsdestinasjon i landsdelen. Med stutt veg frå Hovden sentrum, og godt skild frå heiane ikring, er Hovdenut ein god stad å styre ferdseLEN til. Frå toppen har du vidt utsyn innover i villreinriket både på Austheia og Vestheia. Det er laga til ein godt steinsett sti opp til Hovdenut. Finansieringa er også på plass for å etablere ei dagsturhytte på toppen. Ho skal også verte tilrettelagt for å drive formidling til skuleklassar og mindre grupper, og langs stien skal det settast opp informasjonsskilt der du kan fylle på med kunnskap undervegs.

Stien og dagsturhytta er eit spleislag mellom Bykle kommune, tiltaksmidlar frå verneområdestyret for SVR, verdiskapingsprosjektet i SVR og Setesdal regionråd. Tilrettelegginga kvalifiserer også til speleemidlar forvalta av Agder fylkeskommune.


Dagsturhytta skal etter planen opne i løpet av 2023.



Over: THA Arkitekter.

Under: Hovdenuten til venstre i biletet, sett frå Hartevatn.

Foto SVR.




## Adaptiv løypeforvaltning i Bykle

Kan ein preparere skiløyper i fjellet utan at villreinen vert forstyrra?

Austheia nord for Hovden er eit av dei viktigaste vinterbeiteområda for villreinstammen i Setesdal Austhei. Data frå GPS-merkeprosjektet i Setesdal har synt at simlene som oftast i slutten av mars månad trekker sørover mot kalvingsområda i Valle. Som ei prøveordning har vi testa ut om det på seinvinteren kan preparerast enkelte trasear når dyra normalt har forlate områda nord for Hovden. Med prøveordninga følger eit strengt regime for når løypene kan opnast, og når dei eventuelt må stengast, og med ei årleg evaluering etter sesongslutt. Prøveordninga fell sammen med at det framleis er GPS-merkte simler på Austhei slik at ein til ein viss grad skal kunne sjå om dyra reagerer på prepareringa.

Skiløype på austheia.  
Foto Tor Punsvik.




## Styring og kanalisering av ferdsel gjennom sti- og løypeplanar

Villreinfjella er også utfartsområde. Særleg frå dei store hyttedestinasjonane er det eit aukande press frå ferdsel inn mot viktige beiteområde. Kommunale sti- og løypeplanar er eit viktig verktøy for å styre og kanalisere ferdelsen til område der det er mindre konflikt mellom folk og villrein. For å stimulere kommunane til å utarbeide slike planar vart det arrangert ei stor fagsamling på Haukeliseter tidleg i prosjektperioden. Verdiskapingsprosjektet har også bidrige økonomisk til kommunar som vil lage slike planar, dette gjeld kommunane Åseral, Bygland, Kvinesdal, Hjelmeland og Suldal. Enkelte kommunar har også utarbeidd slike planar frå tidlegare.

## Den lokale villreinhistoria

Kva gjer vi når ingen lenger hugsar korleis ein villrein ser ut?

Redusert bestandsstorleik og hinder i form av tyngre infrastruktur og ferdsel har gjort at mange av kommunane sør og vest i villreinområdet sjeldnare har villrein innanfor kommunegrensa. Vonleg vil dette endre seg etter kvart som det vert sett i verk bøtande tiltak og bestanden vert større. Mens vi ventar på dyra, er det greitt å minne om at det finst ei villreinhistorie i dei fleste kommunane. For kommunane Hjelmeland, Sirdal, Kvinesdal og Bygland er det laga eigne temahefte der ein har dykka ned i den lokale villreinhistoria og sett på kva villreinen har hatt å seie for jakt og livberging i fjellbygdene. I Åseral er villreinhistoria dokumentert gjennom film. Både filmen og temahefta kan du sjå her: [www.svr.no](http://www.svr.no)



Temahefte for Hjelmeland.

## Omsyn til villrein i vanskelege vintrar

Vinteren 2020 var spesiell i Setesdalsheiane. Mildvêrs-periodar med påfølgande kulde gjorde at mykje av beita i høgheia isa ned. Fleire stader trekte villreinen ut på kantane og til lågareliggende område (randområde) for å finne alternative beite. Røynsla frå vinteren 2020 synte eit behov for ei betre samordning og konsekvent handling slik at vi er betre førebudd på tilsvarande vintrar. Det er difor laga ein beredskapsplan med tiltak for dei vanskelege vintrane. Planen er særleg retta mot kommunar og større aktørar med mykje aktivitet i heiane. Villreinnemnda for setesdalsområdet er gjeven ei sentral rolle når det gjeld koordinering og iverksetting.


Villrein i vinterfjellet. Foto Jon Erling Skåtan.





#### Storhedder (Storheller) og trollbukken

##### Ringeball



Han sjølvre trollbukken skaut og slakta.  
Ja, Salmund Breive han kunne jakta.  
Han fekk seg halsring frå Ringeball.  
Men dei vondre vettja, del kjøtet stal.

Salmund Knutson Breive var ein ivrig jeger.  
Ein gong var han på reinsdyrjakt på vesthei  
mellom Breive og Suldal. Han låg i Storhedder  
om natta. Då det grydde av dag, var han ute  
og såg etter dyr. Ved Svartepodd gådde han  
plutselig ein kjempestor reinsbukk. Salmund  
kasta seg ned, kraup framover og næarma seg  
bukken så stilt han kunne. Men kva var dette?  
Bukken var større og større di nærahe han  
kom. Han hadde ragg som var så langt at han  
~~kan ha~~ ikke når han kunne ha kom tilbake.

Frå vertskapskursa  
Foto SVR.

## Hidden – kva skjuler seg i heiane?


Det er svært mange kulturminne i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane frå tidlegare jakt og fangst av villrein, som dyregraver, bogestelle, jakthellerar, jordhytter og ei rekke segner knytte til villreinjakta. Samstundes har informasjon om desse kulturminna vore spreidd og vanskeleg tilgjengeleg for ålmenta.

Verdiskapingsprosjektet valde mobilappen Hidden for å samle denne informasjonen og gjøre han lettare å finne. Her får alle brukarane tilgang til informasjon om alle kulturminne som ligg inne i nettportalen Kulturminnesøk. I tillegg har ein gjennom verdiskapingsprosjektet lagt inn utfyllende informasjon om 115 av dei mest aktuelle villreinrelaterte kulturminna i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane. No kan du sitte heime og lese om desse kulturminna. På stader med mobildekning varsler Hidden deg om du nærmar deg eit kulturminne.

## Vertskapskurs (digitalt og fysisk)

Verdiskapingsprosjektet har vore konsentrert om reiselivsnæringa. Ei årsak var at vi ønskte å gjøre lokale reiselivsverksemder merksame på verdiskapingspotensialet som låg i kulturminne og segner knytte til villreinen. Dermed vart det arrangert vertskapskurs for reiselivsverksemder i regionen i 2019 og i 2021. Desse kursa såg på korleis villreinrelaterte segner og kulturminne kunne brukast i lokal verdiskaping. Dei tok òg for seg vellukka døme på korleis ein kunne utnytte lokale ressursar og lokalt sær preg til verdiskaping.

Ei anna årsak til å rette innsatsen mot reiselivsnæringa var at ein ønskte å utnytte det faktumet at mange av dei besökande i fjellområda våre allereie får mykje av informasjonen sin frå nettsidene til destinasjonsselskapet eller i møte med lokale turistinformasjonar og reiselivsbedrifter. Dermed ville ein gjennom eit samarbeid med reiselivsnæringa lettare kunne nå ut med villreininformasjon til tilreisande turistar. Dette vart materialisert gjennom eit samarbeid med Destinasjon Hovden og Visit Suldal om å utvikle det digitale vertskapskurset «Heiverten». Det digitale vertskapskurset består av fem ulike modular, der villrein og vern er sentrale tema. Kurset er utvikla på e-læringsplattforma Motivate og inngår i opplæringa av tilsette på turistinformasjonar og i reiselivsverksemder i Agder og Rogaland.



*Reinsbukkar, Suldal.  
Foto Ragnar Djuvik.*





*Simler med kalvar. Foto Jon Erling Skåtan.*

## 3. Nådde vi måla?

Tiltak, hovudmål og delmål for prosjektet vart definerte i prosjektbeskrivinga og i søknaden frå 2017. For delmåla var det også sett eigne kriterium for å vurdere måloppnåinga.

### 3.1 Hovudmål

Hovudmålet med prosjektet var auka kunnskap og medvit om villrein og villreinfjell slik at arten og leveområda vert varetekne. Prosjektet skulle også bidra til positivitet og eigarskap til villrein og villreinfjell.

#### Vurdering

Langt på veg har ein lukkast godt med å auke kunnskapen om villrein og villreinfjell i regionen – både gjennom dei mange arrangementa som har vore, men også gjennom mykje av materiellet som er produsert, og som både forvaltninga, organisasjonar og private vil ha mykje nytte av i tida framover.

Auka kunnskap og medvit er også grunnlaget for positivitet og eigarskap til villrein og villreinfjellet. Haldningane til dette varierer mykje, ofte er positiviteten og eigarskapen større i dei områda som ofte har villreinen innanfor kommunegrensa. Av den grunn har det vore lagt ned mykje arbeid i å engasjere kommunar eller delområde som meir sporadisk har besøk av villreinen, men der områda likevel utgjer ein viktig del av leveområdet. Fleire av temamøta, og dessutan temahefte og film om den lokale villreinhistoria, er gode døme på dette.



Teikning: Rune Roalkvam.

Som de ser av kapittel 5, har ei rekke ulike forvaltningsorgan og organisasjonar vore engasjerte i arbeidsgruppene og i styringsgruppa. Dette har i seg sjølv gjort at mange aktørar har delteke aktivt i gjennomføringa av dei mange tiltaka og såleis fått nærmare kjennskap til temaet. Det har også bidrige til å utvikle samarbeidet mellom aktørane. Ulike offentlege organ har vore tungt representerte i arbeidsgrupper og i styringsgruppa. Sett i ettertid kunne vi med fordel ha hatt større spreiing i deltakarane ved at organisasjonar og kommersielle aktørar hadde delteke meir.

## **3.2 Delmål 1.**

# **Kunnskap om villrein og villreinfjell til barn og unge**

Under delmål 1 (delprosjekt 1) var målsettinga å sikre at barn og unge i villreinkommunane fekk kunnskap og eit eigartilhøve til villrein og villreinfjella, inkludert villreinrelaterte kulturminne og lokal heiekultur, dette gjennom tiltaka lista opp nedanfor.

Målloppnåinga er vurdert etter talet på timer der villrein og villreinfjell er del av undervisninga, talet på deltakarar på ulike arrangement og utvikling av gjennomsnittsalderen blant dei som jaktar villrein.

### **Tiltak**

- Sette i gang prosjektet «Heiaskulen» som vil innehalde punkta under. Malen vert delvis henta frå konseptet «Skarveskulen» på Hallingskarvet og SVR og SNO sitt prosjekt «Ungdom og lokal heiekultur».
- Få villrein, villreinfjell og villreinrelatert kulturhistorie inn som tema i undervisninga i grunnskulen
- Utarbeide undervisningsmateriell for bruk i grunnskulen. Vekta skal leggjast på pedagogisk og visuelt godt materiell tilpassa ulike plattformer. Dette skal sikrast gjennom å knyte til seg kompetansemiljø i regionen.
- Utvikle tilbod om friluftsaktivitetar slik at ungdom vert trygge på å ferdast i villreinfjella på eiga hand
- Vidareutvikle og utvide tilbod om opplæringsjakt for ungdom

### **Vurdering av måloppnåing**

Tidleg i prosjektperioden gjekk det ut tilbod om feltdagar for elevar i mellomtrinnet og ungdomstrinnet på skulane i kommunar som har vore partar i prosjektet. Skulane fekk også tilbod om eit undervisningsopplegg halde på skulen som tradisjonell klasseromsundervisning. Skular i kommunane Sirdal, Kvinesdal, Åseral, Bygland, Valle, Bykle og Suldal har nytta seg av tilbodet.

I sum har 25 skuleklassar delteke med til saman 270 ele-



*Frå opplegget med Setesdal Vidaregåande Skule på Bykle.  
Foto Ragnhild Bjåen.*

var. Dette var fordelt på 15 feltdagar og 5 undervisningstimer i klasserom. Kapasiteten i arbeidsgruppa gjorde at dei i nokon grad måtte avgrense kor mange klassar dei kunne gje eit tilbod til. Frå feltdagane ligg det no føre eit standard opplegg for gjennomføring som kan nyttast seinare.

Tilboden om opplæringsjakt gjaldt aldersgruppa 16–20 år og var avgrensa til kommunane som var partar i prosjektet. Til saman har 16 ungdommar delteke fordelte på ei gruppe i 2019 og ei i 2021. Tilsvarande skulle ha skjedd i 2020, men det vart då avlyst grunna værtihøva. Alle åra har det vore fleire interesserte enn det har vore kapasitet til å gje eit tilbod til. Om lag to tredelar av deltakarane hadde inga røynsle med reinjakt frå tidlegare. Av praktiske årsaker er det avgrensa kor mange ein har kunne gjeve eit tilbod om opplæringsjakt til. Såleis er det ikkje grunnlag for å vurdere korleis tilboden har påverka alderssamansettinga på dei som jaktar rein.

Villrein.  
Foto Jon Erling Skåtan.



## **3.3 Delmål 2.**

# **Møteplass villreinfjellet**

Under delmål 2 (delprosjekt 2) skulle ein auke kunnskapsnivået og betre samarbeidet mellom dei involverte partane i villreinforvaltninga i regionen. Tiltaka for å oppnå dette er lista opp nedanfor.

Måloppnåinga er vurdert etter talet på gjennomførte arrangement og geografisk fordeling av desse, talet på deltakarar på arrangement og evalueringa av nytteverdien frå deltakarar og innleiarar.

### **Tiltak**

- Vidareutvikle heiplansamlingane som arena for meiningsutveksling og formidling av kunnskap om villrein og villreinfjell
- Etablere lokale treffpunkt med opne temakveldar med aktuelt frå villreinfjellet
- Styre formidlinga frå relevante forskingsprosjekt til desse arrangementa (GPS prosjektet, RenRein mv.)
- Legge informasjon om andre villreinfaglege tema til desse arrangementa (rullering av handlingsprogrammet til Heiplanen, Skrantesjuke, Kvalitetsnorm for villrein mv.)

### **Vurdering av måloppnåing**

Det er gjennomført 7 temamøte med kring 200 deltakarar til saman. I tillegg har prosjektet hatt stand på fleire større arrangement der kring 500 personar var innom standen. I perioden med restriksjonar grunna pandemien vart nokre få temamøte avlyste. Temamøte og arrangement har vore haldne i Bykle, Kvinesdal, Røldal, Sirdal, Valle og Hjelmeland. Det har ikkje vore gjennomført noka evaluering etter kvart møte eller arrangement, men dei munnlege tilbakemeldingane har vore særskilt gode. Oppslutnaden om desse tyder også på at ein har treft godt. For fullstendig oversikt over møte og arrangement, sjå kapittel 6.

Prosjektet har delteke i planlegginga og gjennomføringa av dei årlege heiplansamlingane (regional plan) som går i regi av fylkeskommunane i Agder og Rogaland. Heiplansamlinga er no godt etablert som eit viktig årleg møtepunkt for det som rører seg i villreinfjella i regionen.

## 3.4 Delmål 3.

# Villreinen og kulturarven

Under delmål 3 (delprosjekt 3) skulle kunnskapen om villrein som del av den lokale kulturarven gjerast tilgjengeleg og spreiaast. Med dette ville ein også få auka medvit om og verte stoltare over den lokale heiekulturen. Vidare var det eit mål å foredle den eksisterande kulturrelaterte kunnskapen om villrein til ei form som lokalt reiseliv lett kan ta i bruk i verksemda si. Tiltak for å oppnå dette er lista opp nedanfor.

Måloppnåinga er vurdert etter talet på brukarar av kartløysinga, talet på deltakarar på fellesturar, vertskapskurs og guidekurs og dessutan talet på gjennomførte informasjonstiltak. Måloppnåinga skulle også vurderast ved at brukarar og deltakarar evaluerte tilgjengelegheit, kvalitet og nytteverdi.

### Tiltak



Dyregrav ved Lisledalsfledne.  
Foto: Alf Odden.

- Utvikle ein brukarvennleg database med kartløysing som har kulturminne knytte til villrein som hovudtema
- Formidling av kunnskap om kulturminne og heiekultur på eksisterande besøks- og informasjonssenter
- Arrangere opne og gratis fellesturar til eitt eller fleire kulturminne. Eit slikt arrangement skal haldast i kvar kommune i planområdet kvart år i prosjektperioden. Det skal leggast vekt på å bruke lokale guidar og turleiarar.
- Tilrettelegging og informasjon ved villreinrelaterte kulturminne. I kvar kommune i planområdet skal det i løpet av prosjektperioden veljast ut eit kulturminne der det skal leggast til rette med informasjonsskilt på staden. I tillegg må det utarbeidast utfyllande digital informasjon om kulturminnet og korleis ein skal komme seg dit. For kulturminne som ligg nær veg og i lite sårbarer område, vil det vere aktuelt med ytterlegare tilretteleggingstiltak når det gjeld tilkomststiar og parkering mv.
- Arrangere vertskapskurs for reiselivsverksemder. Hovudtemaet vil vere korleis ein kan bruke den lokale villreinkulturen til å gje dei besökande ein positiv tilleggsdimensjon til opplevingar av området. Her tenker ein særleg på utnytting av segner, tradisjonsstoff, jakthistorier og lokal matkultur knytt til villrein. Vertskapskursa

vert arrangerte regionvis (Region Setesdal, Region Sør, Region Ryfylke) med eit kurs i kvar region dei tre siste åra av prosjektperioden.

- Arrangere guidekurs for reiselivsverksemder og andre interesserte. Hovudtemaet vil vere korleis ein kan bruke både fysiske kulturminne og tradisjonsstoff knytte til villrein til å gje besökande ei god oppleveling av villreinfjella våre. Guidekursa vil vere tydeleg innretta etter korleis ein kan ta med besökande ut i felt utan at villrein eller andre sider ved naturmangfaldet tek skade av verksmeda. Guidekursa vil verte arrangerte regionvis (Region Setesdal, Region Sør, Region Ryfylke) med eit kurs i kvar region dei tre siste åra av prosjektperioden.

## Vurdering av måloppnåing

Kartløysinga/databasen som vart vald, var mobilappen Hidden (<https://hidden.no/>). Her får alle brukarane tilgang til informasjon om alle kulturminne som ligg inne i nettportalen Kulturminnesøk. I tillegg har ein gjennom verdiskapingsprosjektet lagt inn utfyllende informasjon om til saman 115 villreinrelaterte kulturminne i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane.

Hidden har svært mange unike brukarar og vert rekna som den beste plattforma for å spreie stadspesifikk kunnskap om kulturminne. Etter at verdiskapingsprosjektet har introdusert Hidden, har både destinasjonsselskap og museum vist interesse for å føre vidare arbeidet med å legge inn kulturminne.

Det vart arrangert fire fellesturar med tema frå villreinhistoria i 2019. Det var til saman 65 deltakarar, som alle var veldig nøgde med arrangementa. I 2020 og 2021 var det uråd å arrangere slike fellesturar på grunn av covid-19-situasjonen.

Det har vorte gjennomført fem prosjekt om den «lokale villreinhistoria», der lokalhistorikarar har samla inn opplysningar om lokal jaktkultur i kommunar der villreinjakta held på å døy ut. Eit av prosjekta er presentert som film (Åseral) og fire som eit trykt hefte (Hjelmeland, Sirdal, Kvinesdal og Bygland). Desse har vorte svært godt mottakne. Førsteopplaget på 300 eksemplar av villreinhefta har no gått ut, og 200 nye er trykte opp. Materialet vil også vere å finne på nettsidene til SVR. Oppmøtet på lanseringskveldane har også vore svært godt, og til saman 200 personar har delteke på desse. Filmen og dei trykte hefta vil vere tilgjengelege i lang tid framover, og dette materialet



Slakting av villrein.  
Foto Guro Sødergren.

kjem til å vere viktig dokumentasjon av ein jakttradisjon som er i ferd med å forsvinne frå mange bygder.



Bogastellet ved Kistenuten.

Foto: Alf Odden.

I Suldal er det gjennomført to fagføredrag om høgfjells-arkeologi og tamreindrift. Desse hadde til saman 180 frammøtte, noko som vitnar om ei svært stor interesse for denne typen informasjon. SVR kjem til å halde fram med å samarbeide med ulike faginstansar om å arrangere opne møte med villreintema.

To større tilretteleggingstiltak er gjennomførte, restaurering av Jensahidleren i 2020 og gjenoppbygging av jordhytta i Stranddalen i 2021. Det er òg lagt til rette med informasjonsskilt i felt og med utdypande informasjon på nett. Det er ikkje gjennomført ei systematisk brukarundersøking, men tilbakemeldinga frå tilfeldige brukrarar er svært positiv. Desse restaurerte kulturminna er det grunneigarane som vil ta vare på, mens SVR vil ha ansvar for det tilhøyrande informasjonsopplegget.

Det har òg vorte utarbeidd informasjonsskilt om lokale villreinrelaterte kulturminne i dei ti kommunane som har delteke i prosjektet. Desse skilta vert ikkje plasserte ved dei aktuelle kulturminna, men på stader i nærleiken med mykje besök som turisthytter og lokale museum.

Det har vorte utarbeidd informasjonshefte til ti fjellhytter. Desse tek for seg tema som villrein, kulturhistorie og naturtilhøve. Desse vil både kunne lesast på hyttene og digitalt på nettsidene til SVR. Informasjonshefta vart lagde ut på fjellhyttene i 2022.

Det vart arrangert vertskapskurs for reiselivsverksemder i 2019 og i 2021. Det vart ikkje arrangert eigne guidekurs, men relevante tema for guidar vart lagde inn i vertskapskursa. Desse kursa handla om korleis villreinrelaterte segner og kulturminne kan brukast i lokal verdiskaping, og hadde til saman 25 deltakarar frå 15 ulike verksemder. Desse kursa har vorte svært godt mottekte av deltakarane og resulterte mellom anna i eit vidare samarbeid mellom SVR, Destinasjon Hovden og Visit Suldal om utviklinga av det digitale vertskapskurset «Heiverten». Det digitale vertskapskurset består av fem ulike modular, der villrein og vern er sentrale tema. Kurset er utvikla på e-læringsplattforma Motivate og vil vere tilgjengeleg for tilsett i reiselivsverksemder i Agder og Rogaland. Kurset vert òg tilgjengeleg for skular, lag og organisasjonar. Du kan òg finne lenker til kursmodulane i Heiverten på nettsidene til SVR.

## **3.5 Delmål 4.**

# **Sti- og løypeplanar**

## **– adaptiv løypeforvaltning**

Under delmål 4 (delprosjekt 4) var målet å styre og kanalise ferdselet i villreinfjellet gjennom kommunale sti- og løypeplanar. Vidare var målet å utarbeide modellar for fleksible ordningar for å preparere skiløyper slik at dette fungerer i praksis. Tiltak for å oppnå dette er lista opp nedanfor.

Målloppnåinga er vurdert etter talet på kommunar med vedtekne sti- og løypeplanar, talet på brukarar av tilrettelagde løyper, talet på løyper med fleksible ordningar for løypekøyring og i kva grad løyper med slike fleksible ordningar faktisk vart mellombels stengde ned i perioden. Vesentleg var sjølvsagt også å sjå på om villreinen held fram med å bruke dei ulike funksjonsområda.

### **Tiltak**

- Regionvise samlingar i regi av fylkeskommunane for å motivere kommunane og spreie kunnskap om utarbeiding av sti- og løypeplanar. Det vert lagt vekt på å nytte røynsler frå kommunar som alt har utarbeidd slike planar, og dessutan trekke inn annan ekstern kompetanse.
- Tilrettelegging av eksisterande kunnskap, mellom anna frå igangverande GPS merkeprosjekt som grunnlag for kommunevise sti- og løypeplanar
- Økonomisk støtte til kommunane som vil i gang med planarbeidet. Ein ser føre seg 50 000–100 000 kroner i støtte per kommune.
- Fagsamling SNO, kommunar og løypeselskap (private/kommunale) for å komme fram til modellar for fleksible ordningar for preparering av skiløyper

### **Vurdering av målloppnåing**

Gjennom prosjektet har kommunane Åseral, Bygland, Hjelmeland, Kvinesdal og Suldal fått økonomisk støtte til å utarbeide kommunale sti- og løypeplanar. Av desse er det no vedteke planar i Åseral og Kvinesdal, mens Bygland venteteg vedtek sin plan i løpet av første halvåret i 2023. Hjelmeland starta opp arbeidet med slik plan, men arbeidet vart av ulike årsaker lagt til sides. Suldal kommune har vedteke ein enkel sti- og løypeplan utforma som føringar i

samfunnssdelen av kommuneplanen. Uavhengig av verdiskapingsprosjektet har kommunane Bykle, Valle og Vinje utarbeidd slike planar tidlegare.

For dei aller fleste preparerte vinterløyper der det tidvis kan vere ein konflikt med villrein, er det rutinar for stenging/opning om det oppheld seg villrein i nærleiken av traseen. Det varierer likevel i kva grad desse rutinane er formaliserte. Frå Bykle (Hovden) er det fleire døme på at løyper tidvis har vore stengde ned grunna villrein nær traseen. For preparering av skiløyper i verna område vil slike rutinar alltid vere definerte som vilkår i dispensasjonen.

For dei særleg vanskelege vintrane med mykje ising er det utarbeidd eigen beredskapsplan som beskriv rutinane.

Prosjektet Adaptiv løypekøyring i Bykle starta etter initiativ frå Bykle kommune og der kommunen sjølv tok kostnaden for analysar og tilrettelegging av kunnskapsgrunnlaget i forkant av prøveperioden. Kostnaden med undervegsevaluering, ferdselsteljing og sluttrapporten frå adaptiv løypekøyring har vore dekt av verdiskapingsprosjektet. For prosjektet Adaptiv løypekøyring i Bykle er det laga ein eigen sluttrapport.

Villrein.  
Foto Jon Erling Skåtan.



## **3.6 Betraktnigar om gjennomføring og organisering**

Verdiskapingsprosjektet i Setesdal Ryfylke har vore ei lang og god ferd med stort og breitt engasjement kring fjella. Temaa og tiltaka har kanskje famna vel breitt, men samstundes har det bidrege til å involvere ei rekke aktørar som ein elles ikkje ville nådd om ein valde ei snevrare tilnærming.

Prosjektet har vore organisert med ei styringsgruppe og fire arbeidsgrupper. Arbeidsgruppene har jobba effektivt og sjølvstendig og vore sentrale i den praktiske gjennomføring av tiltaka og såleis fått nær kjennskap til desse.

Arbeidet i styringsgruppa har dreia seg mykje om å godkjenne budsjett, godkjenne rekneskapar og avklare vegvala undervegs. Kanskje hadde arbeidet i styringsgruppa vorte meir gjevande om ho var tettare på prioriteringane som vart gjorde i arbeidsgruppene.

Tidleg i prosjektet såg ein på moglegheita for å tilsette ein eigen prosjektleiar. I staden valde ein å legge dette til forvalningssekretariatet for SVR som hadde stått for søknadsprosessen. Med dette ville ein sikre at prosjektet vart gjennomført tettast mogleg opp til prosjektbeskrivinga og i tråd med intensjonen bak prosjektet. Ei slik organisering har også gjort at det har vore nytta relativt lite midlar til administrasjon. Mange av tiltaka i prosjektet er nær knytte til besøksstrategien for SVR og sikra såleis ei raskare gjennomføring av denne. Ei ulempe med å legge prosjektleiinga til forvalningssekretariatet har vore at gjennomføringa av tiltak har trekt ut i tid grunna avgrensa kapasitet til dette arbeidet i forvalningssekretariatet.



*Teikning: Rune Roalkvam.*



## 3.7 Økonomisk verdiskaping

I prosjektsøknaden vart det lagt vekt på verdiskaping i brei forstand i tråd med programplanen til Miljødirektoratet, det vil seie at prosjektet skulle fremme både miljømessig, kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping.

Når det gjeld økonomisk verdiskaping, er det avgrensa kva ein har fått til gjennom prosjektet, i alle fall på kort sikt. Det må likevel framhevast at særleg innanfor temaet Villreinen og kulturarven (delprosjekt 3) er det fleire tiltak som har potensial til økonomisk verdiskaping. Særleg gjeld dette vertskapskursa haldne for bedrifter og destinasjonsselskap der ein har sett på korleis ein kan nytte villreinrelaterte kulturminne i reiselivsprodukt. Det er også verdt å nemne at tilrettelegginga på Hovdenuten i Bykle, villreinutstilling på Kvæven i Sirdal og vidareutvikling av utstillinga på Minne kultursenter i Åseral vil verte attraksjonar som styrker det lokale næringslivet.

I første halvdelen av prosjektperioden vart det ved to høve lyst ut ein konkurranse om den beste forretningsideen knytt til villrein og villreinfjell. Utlysinga vart gjort kjend på vidaregåande skular i regionen og ved høgare utdanningsinstitusjonar med relevante studietilbod. Sjølv med ein premie på 50 000 kroner for den beste ideen kom det ikkje inn nokon forslag. Det kan spekulerast i årsaka til den låge interessa. Den mest nærliggande forklaringa er ein kombinasjon av at få fekk med seg utlysinga, at målgruppa var feil, og at få ser potensialet i næringsaktivitet knytt til ein art som har det best om folk held seg borte.

Villrein, Suldal.  
Foto Rune Roalkvam.

## 3.8 Kva lever vidare etter prosjektperioden?

Venteleg har prosjektet gjeve mange gode villreinambassadørar for ivaretaking av arten og leveområda framover. Av meir handfaste tiltak som lever vidare, bør vi særskilt nemne desse:

- Villreinen som ein integrert del av undervisninga ved leirskulane
- Nettsida [www.svr.no](http://www.svr.no) der særleg filmane vil ha stor nytteverdi for undervisning og reiseliv
- Utstilling og fysisk tilrettelegging på Hovdenuten, Bykle; Kvæven, Sirdal og Minne, Åseral
- Brosjyrar og informasjonsmateriale
- Digitalt vertskapskurs (Heieverten)
- Restaurerte kulturminne (jordhytter)
- Villreinsertifikatet
- Sti- og løypeplanar i fleire kommunar som verktøy for å styre og kanalisere ferdsel

## 4. Økonomi

Ei enkel samanstilling av prosjektøkonomien er lagt inn i tabellen nedanfor. For ei fullstendig oversikt sjå rekneskapen vedlegg 1 i rapporten. Det er Valle kommune som har ført prosjektrekneskapen. Alle inn- og utbetalingar har difor gått igjennom økonomikontoret i Valle kommune.

Inntekter	Beløp, kr.
Prosjektmidlar Miljødirektoratet	4 000 000
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	562 186
Andre statlege midlar	611 885
Div. sal	43 198
<i>Sum</i>	5 217 269
<b>Utgifter</b>	<b>5 217 269</b>

### Eigeninnsats

Ein vesentleg del av eigenfinansieringa kjem frå eigeninnsatsen som er lagt ned i prosjektperioden, både frå prosjektleiinga og dei mange som har delteke i gjennomføringa. Til saman er det lagt ned 5 102 timer. Rekna om i kroner (450 kr/t) tilseier dette kr. 2 295 900

# 5. Organisering og deltagarar i prosjektet

Undervegs har det vore nokre utskiftingar. Oversynet nedanfor syner organiseringa den siste delen av prosjekt-perioden.

## Styringsgruppe

Jonny Liland – leiar verneområdestyret for SVR  
Ingunn Løvdal – miljøverndirektør hos Statsforvaltaren i Agder  
Tor Arne Eiken – Kvinesdal kommune  
Signe Sollien Haugå – plansjef i Bykle kommune  
Helge Kjellevold – Lysefjorden utvikling  
Knut Hagen – villreinnemnda for Setesdalsområdet  
Øystein Kristensen – Agder fylkeskommune

## Arbeidsgruppe 1 / delprosjekt 1 – Kunnskap om villrein og villreinfjell til barn og unge

Jørn Haug – verneområdeforvaltar i SVR  
Kristian Eiken Olsen – Statskog  
Inge Olav Fjalestad – Bygland kommune, skogbruksjef  
Tuva Flor Lien – Norsk villreinsenter Sør  
Jan Rob – Knaben leirskule

Teikning: Rune Roalkvam.



## **Arbeidsgruppe 2 / delprosjekt 2**

### **– Møteplass villreinfjellet**

Guro Sødergren – verneområdeforvaltar i SVR  
Lena Romtveit – Norsk villreinsenter Sør  
Sondov Bjåen – Bjåen turisthytte  
Torborg Kleppa – Hjelmeland kommune

## **Arbeidsgruppe 3 / delprosjekt 3**


### **– Villreinen og kulturarven**

Alf Odden – verneområdeforvaltar i SVR  
Snorre Haukalid – arkeolog Agder fylkeskommune  
Kirsten Leira – Destinasjon Hovden  
Turi Ottersland Tjøstheim – Suldal kommune  
Håkon Nordthun – Haukeliseter fjellstue  
Astrid Nyland – Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger

## **Arbeidsgruppe 4 / delprosjekt 4**

### **– Sti og løypeplanar – adaptiv løypeforvaltning**

Øystein Kristensen – Agder fylkeskommune  
Sigrid Bjørgum – Bykle kommune  
Øyvind Robberstad – Setesdal Ryfylke Villreinlag  
Randi Byremo – Åseral kommune  
Per Kjetil Omholt – Statsforvalteren i Agder  
Jørn Haug – verneområdeforvalter i SVR



# **6. Gjennomførte tiltak i prosjektperioden**

Samla oversyn over alle tiltak og arrangement som er gjennomførte i prosjektperioden.

## **Tiltak og arrangement 2018–2022**

1. Opplæringsjakt for ungdom i 2019 og 2021
2. Innkjøp og distribusjon av lærebok fra Fjellreinskulen
3. Feltdagar med skuleklassar, 15 skuleklassar med til saman 270 elevar
4. Kompetansedagar villrein med lærarar ved Gulling og Knaben leirskule
5. Hovdenuten: sti, dagsturhytte og informasjon (dags-turhytte vert realisert i 2023 i samsvar med avtale)
6. Innkjøp og distribusjon av villreinkasser til Minne kultursenter, Knaben og Gulling leirskule
7. Undervisningsopplegg om villrein ved Setesdal vidargåande skule, avd. Hovden
8. Regional plansamling om utarbeiding av sti- og løypeplanar, Haukeliseter, 5.–6. mars 2019
9. Villreinsertifikatet
10. Medarrangør heiplansamlinga 2019–2022
11. Villreinutstilling Kvæven i Sirdal. Opnar hausten 2023.
12. Den lokale villreinhistoria i Bygland, Åseral, Kvinesdal, Hjelmeland og Sirdal (hefte/film)
13. Premierekveld for film om den lokale villreinhistoria i Åseral 2022
14. Restaurering av Jensahidleren
15. Restaurering av jordhytte i Stranddalen
16. Informasjonsskilt om utvalde villreinrelaterte kulturminne, 10 stk.
17. Informasjon på fjellhyttene, 10 stk.
18. Innlegging av informasjon om 115 kulturminne i appen Hidden
19. Vertskapskurs for bedrifter og destinasjonsselskap. Gjennomførte i 2019 og 2021
20. Utarbeiding av digitalt vertskapskurs «Heiverten» for

*Jensahidleren i 2021.  
Foto Kjell Ove Nærheim.*



bedrifter og destinasjonsselskap

21. Ferdselsregistrering Setesdal Austhei i samband med adaptiv løypeforvaltning
22. Evaluering av og sluttrapport om adaptiv løypeforvaltning, Setesdal Austhei
23. Økonomisk bidrag til sti- og løypeplanar i Åseral, Bygland, Kvinesdal, Hjelmeland og Suldal
24. Villreininformasjon langs turveg, Vinje kommune
25. Utarbeidning av beredskapsplanen Omsyn til villrein i vanskelege vintrar
26. Produksjon av innhold til og etablering av ny nettside, [www.svr.no](http://www.svr.no)
27. Vidareutvikling av utstilling på Minne kultursenter i Åseral. Vart formelt opna 26. april 2023
28. Natursti ved Minne kultursenter i Åseral
29. Økonomisk støtte til kulturbua (Fjellreinskulen på Hovden i Bykle)
30. Temamøte «Villrein og ferdsel, bestandsteljing og overvaking», Bykle, 30. oktober 2018
31. Temamøte «Mens vi venter på dyra», Kvinesdal, 8. november 2018
32. Stand på Røldalsmarknaden, jonsokhelga 2020
33. Arrangement under Sirdalsdagane: «Villrein og sau», 3. september 2020
34. Villrein og viking, Hovden, 9. oktober 2021
35. Villreindag ved Håhellervatn, 10. oktober 2021
36. Stand under arrangementet «Frukt og laks», Hjelme-land, 26. juni 2021
37. Gjennomføring av fire naturlosturar med villreintema i 2019
38. Temamøte «Mens me ventar på dyra», Hjelmeland, 15. november 2018
39. Temamøte «Den gamle villreinjakta», Hjelmeland, 9. november 2019
40. Temamøte «Dei første reinsjegerane i fjellet i Sørvest-Noreg», Suldal, 19. november 2019
41. Temamøte «Tamreindrifta i Suldals- og Setesdalsheiane», Suldal, 1. februar 2019



*Teikning: Rune Roalkvam.*

## **7. Lenker til produkt og materiale laga til i prosjektet**



**Brukbarorientert nettside for SVR**  
[www.svr.no](http://www.svr.no)

**Filmar frå verneområda**  
<https://www.svr.no/filmar-fra-verneomrada/>

**Hidden, kulturminnesøk for mobilapp**  
<https://hidden.no/>

**Rapportar og brosjyrer frå prosjektet**  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/svr/publikasjoner/brosjyrar>

På denne lenka finn du:

- Villreinjakta i Hjelmeland
- Villrein i Sirdal
- Villreinjakta i Kvinesdal
- Villreinjakta i Bygland
- Kulturminneplakatar
- Informasjonshefte på turisthyttene
- Beredskapsplan – tiltak for å lette tilhøva for villrein i vintrar med særleg vanskelege beitetilhøve
- Adaptiv løypeforvaltning - evalueringsrapport

**Sti- og løypeplanar i villreinfjellet**  
Regional samling Haukeliseter 5. – 6. mars 2019  
[https://villrein.no/wp-content/uploads/2022/05/NVS\\_Report\\_27-2019.pdf](https://villrein.no/wp-content/uploads/2022/05/NVS_Report_27-2019.pdf)

**Villreinsertifikatet**  
<https://www.villreinsertifikatet.no/>

**Nettbaseret læringsplattform vertskap**  
<https://www.svr.no/verdiskapingsprosjekt-om-villrein/>

# Vedlegg 1. Rekneskap

## Inntekter og kostnader 2017-2023:

Konto	Tekst	Beløp
16209	Anna avg.fritt salg av varer og tjenester, gebyrer m.v.	3 550,00
16509	Anna avgiftspliktig salg av varer og tjenester	39 648,00
17000	Refusjon fra staten	4 611 885,00
17309	Annen refusjon fra fylkeskommuner	277 186,30
17501	Refusjon fra Valle kommune	45 000,00
17509	Refusjon fra andre kommuner	240 000,00
<b>Sum inntekter 2017-2023</b>		<b>5 217 269,30</b>
10209	Annen vikarlønn	73 480,23
10309	Annen lønn til ekstrahjelp	33 321,63
10400	Overtid	66 942,46
10505	Honorar (trekkpliktig)	66 850,00
10509	Annen lønn og trekkpliktig godtgjørelse	7 334,49
10990	Arbeidsgiveravgift av lønn og godtgjørelser	24 300,68
10995	Arbeidsgiveravgift av opptjente feriepenger	1 979,76
11000	Kontorrekvisita	48,00
11002	Aviser, tidsskrifter, faglitteratur	24 800,00
11003	Kopipapir	4 298,00
11059	Anna undervisningsmateriell til elevane	3 039,20
11159	Annet matkjøp, servering	70 211,92
11201	Renholdsmateriell til forbruk	15,92
11207	Hotellopphold m.v. ved tjenestereiser- sjå 11707 for utlegg	131 402,61
11209	Annet forbruksmateriell/råvarer og tjenester	18 526,11
11301	Gebyr, post, bank	52,00
11304	Datakommunikasjon/linjeleie/sambandsleie	20 392,00
11401	Andre annonser	51 949,95
11403	Informasjonsmateriell/reklame	692 236,85
11404	Trykking/kopiering	76 550,00
11406	Gåver ved representasjon	379,00
11409	Annet vedr. annonse, reklame og informasjon	362 640,35
11500	Utgifter til kurs og opplæring – se 11707 for reisetall	48 818,28
11600	Kjøregodtgjørelse, tjenestereiser, kurs og opplæri	48 468,00
11601	Kostgodtgjørelse, tjenestereiser, kurs og opplærin	513,10
11706	Annen brukertransport	25 748,96
11707	Taxi, fly, buss, bom, parkering, flyttekostnader m.m.	28 863,42
11709	Andre utgifter til transport/drift av egne trans	4 858,10
11900	Husleie	114 365,00
11909	Andre leieutgifter	27 936,04
11953	Lisenser programvare	37 400,00
11959	Andre avgifter, gebyrer, lisenser m.v.	447,12
12001	Kjøp av inventar og utstyr	7 848,40
12002	Kjøp av datautst. inkl. progr.	200 000,00
12703	Konsulent, annen planlegging	6 900,00
12709	Andre konsulenttjenester	1 246 896,72
14300	Overføring til fylkeskommuner	95 000,00
14509	Andre overføringer til kommuner	1 567 455,00
14709	Andre tilskudd/overføringer til private	25 000,00
<b>Sum kostnader 2017-2023</b>		<b>5 217 269,30</b>
<b>Resultat i perioden 2017-2023</b>		<b>0,00</b>



Dyraflokk.  
Foto SVR.



